

Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Vår dato: 20.02.2019  
Vår ref.: 201708756-6  
Arkiv: 323  
Dykkar dato: 30.01.2019  
Dykkar ref.: Hans Kristian Dolmen

Sakshandsamar:  
Toralf Otnes  
22959527/toot@nve.no

## NVE trekker motsegn til reguleringsplan Eikefet - Urdal - Planid 1263201107 - Lindås kommune

Vi syner til brev frå Lindås kommune datert 30.01.2019. Saka gjeld reguleringsplan Eikefet – Urdal. Lindås kommune meiner at planen no gjev grunnlag for at NVE kan trekke motsegna. Vi syner og til brev frå Lindås kommune datert 29.10.2018.

NVE fremja motsegn til reguleringsplan Eikefet – Urdal i brev datert 14.12.2017. Grunnlaget for motsegna var:

- at ROS analyse ikkje var gjennomført med tilstrekkeleg kvalitet
- at potensiell flaum- og skredfare ikkje var tilstrekkeleg utgreidd
- at planen generelt opnar for inngrep i verna vassdrag som det ikkje var gjort greie for er naudsynt, og heller ikkje konsekvensvurdert i høve til ålmenne interesser i vassdrag.

Det er no utarbeidd faresonekart for skredfare og flaum. I plankartet (sist datert 24.01.2019) er faresonene nytta til å avgrense omsynssoner H310\_1-3 Ras og skredfare, og H320 Flaumfare. Omsynssone H320 syner omfanget av 200 års flaum med 20% klimapåslag. Det er sett forbod mot bygging i flaumsona. Til omsynssone H310 er det utarbeidd føresegnar som sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot skred før utbygging kan finne stad. ROS analysen er oppdatert i samsvar med dei faglege vurderingane frå skredkartlegging og flaumsonkartlegging. Det er ikkje foreslått sikringstiltak i elva. Tidlegare føresegnar som opna for tiltak i elva er teke ut.

I samband med flaumfarekartlegginga er det utarbeidd «Hastighetskart Eikefetelvi». På grunnlag av dette er erosjonsutsette bygg markert. I plankartet er erosjonsutsette område markert med føresegnområde #3. I føresegnområde #3 heiter det at det må dokumenterast at nye bygg er tilstrekkeleg sikra mot erosjonsfare og svekka skråningsstabilitet, før det kan gjevast byggeløyve.

Vi finn at grunnlaget for motsegna til planen no har falle bort. **NVE trekker difor motsegn til detaljreguleringsplan for Eikefet og Urdal.**

Lindås kommune ba også i brev datert 29.10.2018 om at vi vurderte å trekke motsegna til detaljreguleringsplan for Eikefet - Urdal. I planutkastet vi fekk sendt over då var det gjort andre

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no  
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsvæien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

vesentlege endringar i plankartet i høve til den versjonen som var lagt ut til offentleg ettersyn. Konkret gjaldt dette ei markering i plankartet der reguleringsplan for ny E39 Eikefet – Romarheim var synt med arealføremålet «Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur» Markeringa dekkar deler av Eikefetelva som er verna mot kraftutbygging. Undersøkingar synte at reguleringsplan for ny E39 Eikefet – Romarheim ikkje var sendt til NVE på offentleg ettersyn. NVE fekk heller ikkje kommunedelplan for same vegstrekning på offentleg ettersyn. På bakgrunn av dette fann vi at vi ikkje kunne «stadfeste» ein plan som vi ikkje har hatt til offentleg ettersyn, som vi ikkje kjenner til, og som i vesentleg grad kjem oss ved som sektormynde. Vi har teke denne problemstillinga opp med Lindås kommune, mellom anna i videomøte den 09.01.2019. NVE er nøgde med at det alt vesentlege av planområdet for reguleringsplan for ny E39 Eikefet – Romarheim no er teke ut av planområdet for Eikefet – Urdal.

Med helsing

Siss-May Edvardsen  
fung. regionsjef

Toralf Otnes  
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Kopi til:

Lindås kommune